



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

VURDERINGSRAPPORT

LUNDHAUGEN BARNEHAGE



Lundhaugen barnehagen, styrar: Åse Ringheim Svane telefon: 56514770
e-post: lundhaugen.barnehage@Voss.kommune.no

Dato for vurderinga frå 01.11 til 04.11.10



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage. Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år. Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



2 – Fakta om barnehagen

Lundhaugen barnehage er ein sentrumsbarnehage på Voss. Den vart bygd som barnehage i 1975. Barnehagen har to småbarnsavdelingar, 1-3 år og to avdelingar med born i alderen 3-5 år. Den eine småbarnsavdelinga er i eit eige bygg, gamle Bjørkeli barnehage. Det er tilsaman 66 born og 24 tilsette i barnehagen. Satsingsområdet deira er Minoritetsspråklege born – kulturelt mangfald.

3 – Vurderingstema

Lundhaugen barnehage har bede om vurdering på følgjande tema: *"Språkutvikling i barnehagen"*.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for omgrepet: Tidlegare var det vanleg å samle på glansbilete. Englane med glitter på vengene, var dei spesielt vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kunne vel ynskje at dei såg ut som på gamle glansbilete!



Glansbilete

Tema: Språkutvikling i barnehagen

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplan for barnehage, s. 50)	<ul style="list-style-type: none">❖ Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen❖ Leiinga syter for at alle får brukt kompetansen sin❖ Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet❖ Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting i høve barnehagen sitt språkmiljø❖ Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer
Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna (Rammeplanen s. 50)	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar❖ Personalet legg til rette for meningsfulle opplevingar i høve språkstimulering❖ Personalet er bevisst si eiga rolle i høve det å skapa eit godt språkmiljø❖ Personalet sikrar barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp❖ Personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn
Borna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen (Frå Rammeplanen s. 29)	<ul style="list-style-type: none">❖ Borna nyttar språket som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler❖ Borna får høve til å lytte, samtale og leike med lydar, rim, rytme❖ Borna opplever spenning og glede når bøker, forteljingar, songar, rim og regler vert formidla❖ Borna får fabulere ved hjelp av song og språk
Føresette er trygge på at barna deira vert sett og respektert og får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt (Frå Rammeplanen S. 15)	<ul style="list-style-type: none">❖ Førsette opplever at deira innspel og synspunkt vert ivaretekne❖ Førsette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen❖ Førsette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla❖ Førsette opplever at personalet sikrar barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp❖ Førsette opplever at personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn

- Teikn for god praksis er henta frå Rammeplanen og barnehagen sine planar



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Born, føresette og personalet i Lundhaugen barnehage
- Eksterne: Anne- Line Mæland, Magni Kristiansen og Ingunn Mo

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TIDSPLAN for vurdering av [Lundhaugen barnehage, Voss](#)

Dato/veke	Aktivitet	Ansvar
Veke 20	Telefonkontakt med barnehagen. Informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen	Vurderarane
Veke 20	Informasjon til barnehagen via e-post, om ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: 1.Om ståst.analysen(sett av 1 mnd. Til arb. 2.Oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3.Tidsplan- prosessen før vurdering	Vurderarane
Veke 36	Senda ståstadsanalyse, vurderingstema og dokumentasjon til vurderarane, samt info om barnehagen, pedagogiske planar osv.	Styrar
Veke 39 28.09.10	Laga glansbilete	Vurderarane
Veke 40	Senda glansbilete til barnehagen v/styrar.	Vurderarane
Veke 40	Styrar diskuterer glansbileteframlegget med personalgruppa og returnerar innspel, kommentarar eller ei godkjenning av glansbilete	
Veke 41,42	Laga: <ul style="list-style-type: none">• Intervjuguidar• Tidsplan for vurderingsveka• Rapportmal• Mal for power- point presentasjon	Vurderarane
Veke 44 01.11.10 Kl.8.30	Vurderarane kjem til barnehagen	Vurderarane



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

Vurderingsveke: veke 44		
31.10 Kl. 20.00	- Vurderarane møter på Park. Gjennomgang av planane	
01.11 Kl.08.30 Kl.09.00 - 09.10 Kl.09.15 - 10.00 Kl.10.00 - 13.30 Kl.12.30 - 13.00 Kl.13.15 - 14.15 Kl.14.30 Kl.19.00 - 20.00	- Vurderarane møter i Lundhaugen. Samtale med styrar - Morgonmøte - Intervju med pedagogiske leiarar og førskulelærar - Observasjon på avdelingane - Vurdararane har pause og oppsummering - Avdelingsmøte - Samtale med styrar - Foreldremøte	Anne- Line Magni og Anne- Line
02.11 Kl. 08.00 Kl. 09.00 - 09.45 Kl. 10.00 - 10.45 Kl. 10.45 - 11.15 Kl. 11.30 - 12.00 Kl. 12.00 - 12.45 Kl. 13.00 - 13.45 Kl. 14.00 -	- Observasjon - Intervju med assistentar (5 stk) - Barneintervju, 4 barn. Alder 5-6 år - - Vurderarane har oppsummering - Måltid/pause - Barneintervju, 4 barn. Alder 5-6 år - Intervju med assistentar, resten - Rapport til styrar -	Magni Anne- Line Anne- Line Magni
03.11 Kl. 09.00 Kl. 12.00	- Observasjon - Intervju med styrar -	Anne- Line
04.11 Kl. 15.30 - 16.00 Kl. 16.00 Kl. 17.00 - 18.00	Vurderarane ferdigstiller rapporten - er ikkje i barnehagen - Møte med styrar - Klargjering til personalmøte - Personal møte, framlegging av rapport	Magni og Anne- Line
01.05.2011	- Styrar rapporterer attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. - Orienterer det politiske fagutvalet	Barnehagestyrar

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale, påstandsskjema og dokumentanalyse

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståtdsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking. Målekort til Balansert Målstyring.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

Påstandsskjema

I førekant av barnehagebesøket sende vurderingsparet ut påstandsskjema til nokon av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av assistentar/fagarbeidarar og pedagogar og deretter returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldrekontaktar på avdelingane;

- foreldrerepresentantane i arbeidsutvalet
- samarbeidsutvalet

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i kvardags situasjonar inne og ute på begge avdelingane.



8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet



Kriterium 1: **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

(Rammeplan for barnehagar 2006, s.50)

❖ **Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen**

Personalet meiner at det er ho. Det blir lagt til rette for kurs og møter og det vert gitt rom for vidare utvikling for den enkelte. I tillegg til å jobbe tverrfagleg i kommunen, blir det jobba på personalmøte og på pedagogisk leiar møte.

Styrar og assisterande styrer har eit godt samarbeid og dei utfyllar kvarandre.

❖ **Leinga syter for at alle får brukt kompetansen sin**

Personalet meiner det. Gjennom medarbeidersamtaler kan ein kome med ynskjer om kva ein likar og halde på med. Særleg er det lagt stor vekt på musikk denne hausten noko som er blitt lagt merke til både blant foreldre og i pressa.

❖ **Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet**

Personalet meiner dei får god støtte undervegs gjennom samtale og ved å vere eit førebilete for kvarandre.

Gjennom kurs i forskjellige språkmetodar, som til dømes PMTO og Språksprell, er det skapt ein større bevissthet om kva språkutvikling er og om korleis ein snakkar med og til ungene.

❖ **Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis**

Personal – og avdelingsmøta er ein arena for refleksjon og drøfting av tema.

I førekant av foreldresamtalar drøftar personalet kvart einskild barn.



❖ **Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer**

Personalet gjev uttrykk for at det er dei flinke til. Dei legg merke til kvarandre og prøver å gje tilbakemelding der og då. Det ein seier noko om, får ein meir igjen av. Gjennom å jobba med PMTO, er dei blitt meir bevisst på både å gje ris og ros. Det er ynskje om å bruke både avdelingsmøte, pedagogisk leiarmøte og personalmøte til å gje tilbakemelding på arbeidet den enkelte gjer. Dette stemmer overeins med det vurderarane observerte; På avdelingsmøte vart det gjeve tilbakemeldingar og personalet gav kvarandre råd om korleis dei skulle nå måla dei hadde sett seg. Me opplevde det òg gjennom dagen på avdeling.

Kriterium 2: Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna

❖ **Personalet nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar**

Det var det samstemt einigheit om i personalgruppa. Dei var bevisst språket i påkledning, ved bordet, i leiken, i stellesituasjonen og elles i samtale med borna. Dette opplevde vurdererane og under observasjon rundt om på avdelingane.

❖ **Personalet legg til rette for meningsfulle opplevingar i høve språkstimulering**

Det meiner personalet at dei gjer. Dei syng mykje og fortel eventyr og historier. Foreldrene høyrer og att sangar frå barnehagen heime. Barna fortel at dei har ein eigen dag der dei kan ta med ting heimanfrå og legge i ei øskje og fortelje om det i samlinga. Dei tek og med bilete heimanfrå som vert hengt opp i barnehagen. I førekant av dette, får dei føresette eit skriv med heim. Vurdererane såg at alfabetet hang framme på ei avdeling og observerte og at dei eldste skreiv brev heim.

❖ **Personalet er bevisst si eiga rolle i høve det å skapa eit godt språkmiljø**

Her er det eintydigt positive svar. Dei er bevisst si eiga rolle som førebilete for borna og tenkjer over korleis dei kan gje gode beskjedar.

❖ **Personalet sikrar at born med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp**

Ved å nytta metodar som TRAS og teikn til tale og i tillegg ha eit godt samarbeid med PPT, meiner dei tilsette at dei har mykje kompetanse på dette feltet. For å formidle informasjon om det som skjer i barnehagen til heimar med to eller fleirspråkleg bakgrunn, brukar dei blant anna ein perm med ord og bilete. Det er og tilsett ein tospråkleg tolk i barnehagen. Det har vore veldig positivt for språkforståing og språkutvikling for barna det gjeld. Dei føresette føler seg trygge på at dette vert ivareteke. Vurderarane har sett at piktogram over dagen heng framme i garderoben.

❖ **Personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn**

Barnehagen er med i prosjektet "Minoritetsspråklige barn – kulturelt mangfald" i lag med tre andre barnehagar for å få enno meir kunnskap og kompetanse på dette feltet. Heile personalgruppa har lest eit temahefte om tydinga av fyrstespråket og andrespråket til fleirkulturelle born. Gjennom å lære seg nokre ord for å imøtekoma dei framandspråklege, har dei opplevd ein betre kontakt og åpenheit både med borna og foreldra deira. Dette har òg vore eit pluss for dei norskspråklege borna.

Kriterium 3: Borna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen

❖ **Borna nyttar språket som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler**

I barneinterjuet kom det fram at barna hadde ein strategi for kva dei skulle gjera om dei var lei seg. Dei vaksne var òg bevisst det enkelte barn sine signal og tok det på alvor. På denne måten vart det sett ord på kjenslene.

❖ **Borna får høve til å lytte, samtale og leike med lydar, rim og rytme**

Her var det samstemt at dei song mykje. Kvar fredag møtes alle barna til musikkstund. Det er to profesjonelle musikkarar i barnehagen denne hausten, som er pådrivarar i prosjektet. Barna har



laga egne rytmeinstrument som har gjort dei bevisst på ulike lydar. T.d. forskjellen mellom ris og småstein.

Ved å arrangera ein konsert i tilknytning til Kulturveka på Voss, vart foreldra òg dratt med i prosjektet. Dei fekk dessutan pressedekning av konserten.

Vurderarane såg at det hang dikt rundt om på veggane og høyrde at ungane hadde god kjennskap til rimord.

❖ **Borna opplever spenning og glede når bøker, forteljingar, songar, rim og regler vert formidla**

Personalet strebar etter å leggja opp samlinga slik at den skal fenga dei ulike alderstrinna. For å underbyggja eit tema vert det nytta konkretar. Dette er ein god metode for å auke forståinga for born med framandspråkleg bakgrunn. Det er òg til god hjelp at det er tilsett ein russisktalande tolk i barnehagen.

Vurderarane opplevde at dei framandspråklege borna var trygge og tillitsfulle. Borna snakkar begeistra over dei personlege skriva sine, og likte godt aktivitetar der dei kunne trekkja songar og songleikar frå ein pose.

❖ **Borna får fabulere ved hjelp av song og språk**

Personalet fylgjer opp borna sine innspel med tulling og tøysing med språket. Dette kan høyrast att i garderoben og andre leikesituasjonar. Borna er seg bevisst på korleis dei kan hjelpe dei tospråklege med å lære norsk.

Dei seier føre og dei som skal lære, hermar.

Kriterium 4: Føresette er trygge på at barna deira vert sett og respektert og får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt.

❖ **Føresette opplever at deira innspel og synspunkt vert ivaretekne**

Det er god kultur i Lundhaugen på å ta imot innspel og tilbakemeldingar frå foreldre. Dette kjem tydeleg fram både blant personalet, på foreldremøte og på foreldresamtalar som tilsette refererer til. Dei tilsette gjev uttrykk for at dei grip fatt i dei innspela foreldra kjem med og dei får eventuell forklaring på kvifor det av ein eller annan grunn ikkje let seg gjera å imøtekomma deira innspel. Personalet prøver å gje individuell tilbakemelding, ikkje nødvendigvis felles informasjon viss det kun gjeld enkelte foreldre.

❖ **Føresette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen**

Dei føresette får informasjon frå dagen i dag via ei tavle i gangen og samtale med dei tilsette. Foreldra seier at barnehagen er flinke til å ta i bruk gitar, song og ha samling. Dei hadde nyleg ein rockekonsert med personal, foreldre og barn, det var veldig kjekt. Dei tilsette seier at nokon foreldre er veldig engasjerte og gjev tilbakemelding på at borna f.eks syng songar frå barnehagen heime. Nokon foreldre spør etter å få songar som dei syng i barnehagen slik at dei kan synga dei med borna heime, det får dei.

❖ **Føresette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla**

Dei tilsette er opptekne av at det er borna som skal vera i sentrum ved levering og henting. Både dei tilsette og foreldre er einige i at dette vert gjennomført, og vurderarane ser det stemmer. Ved henting er det viktig for personalet å gje tilbakemelding på at dei har sett det enkelte barn. Personalet er obs på at det er særskilt viktig å gje tilbakemeldingar til foreldra på småbarnsavdelingane. Nokon i personalet seier at ein tek ein telefon til foreldre i forkant av henting om ettermiddagen for å gje tilbakemelding om negative ting som har skjedd i løpet av dagen.

❖ **Føresette opplever at personalet sikrar barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp**

Dei tilsette har god kontakt med foreldra og tek tidleg opp med foreldra viss dei lurar på om eit barn har sein språkutvikling. Dei jobbar bevisst med det på avdelingane viss det er born med



språkvanskar. Foreldra gav uttrykk for at dei er einig i dette på foreldremøtet. Viss personalet er usikre eller treng veiledning så har dei rutinar på å ta kontakt med PPT. Nokon foreldre er av og til i tvil om kor tid ein kan seia at barn har språkvanskar. Dette prøver dei tilsette å rettleia foreldra på.

❖ **Føresette opplever at personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn**

Ei avdeling har avtalt med ei framandspråkleg mor at ho skal koma ein dag i veka, slik at ho får møta dei tilsette, få informasjon osv. Dei andre dagane kjem og reiser borna i taxi. Dette er veldig positivt.

Dei tilsette har god kontakt med flyktingekonsulenten, han gjev informasjon om dei framandspråklege til dei tilsette. To frå personalet er med i ei nettverksgruppe saman med fleire barnehagar på Voss, temaet der er Minoritetsspråklige barn – kulturelt mangfald. Personalet meiner sjølv at dei viser interesse for språket til dei framandspråklege, dette gjer dei f.eks med å læra nokre ord som dei seier til foreldra og borna. Dette ser vurderarane og. Dei tilsette er veldig glade for at det er sett inn ein tospråkleg assistent i barnehagen. Dei har sett gode resultat av dette på den eine avdelinga allereie. Vurderarane opplever at dei framandspråklege borna er veldig trygge i barnehagen, dei har god tillit til nye vaksne og dei tilsette i barnehagen.



9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



Kriterium 1: *Barnehagen er ein lærande organisasjon*

(Rammeplanen side. 50).

❖ **Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen**

Ikkje alle i personalet er einige i korleis kurs vert lagt tilrette. Til dømes i høve eit kurs der flest mogleg hadde høve til å delta, vart det ikkje teke inn vikar. Det førte til at enkelte ikkje syntest det var forsvarleg å reisa.

Når det gjeld satsingsområde ein har arbeidd med, meiner nokon at ein del kunnskap forsvinn undervegs fordi det ein har lært ikkje vert halde vedlike. Ei årsak meiner dei er at det stadig er nye tema ein skal arbeida med. Stor utskifting i personalgruppa er òg ei årsak til at ein ikkje får vidareført kunnskap ein har tileigna seg gjennom ulike satsingsområde.

Personalet ynskjer ein mal dei kan dra med seg vidare, som er tilgjengeleg for nyttilsette. Det er òg ynskje om å arbeida meir tverrfagleg i kommunen og at det vert sett av tid på personalmøta til evaluering av det barnehagen arbeidar med.

❖ **Leiinga syter for at alle får brukt kompetansen sin**

Nokon gjev uttrykk for at dei ikkje kjenner til noko system i barnehagen som registrerar kva kompetanse dei tilsette har. Dei føler dei sit inne med meir kompetanse enn det dei får brukt i kvardagen. Det var forslag om å gå gjennom personalet sin kompetanse og interesser om hausten ved nytt barnehageår.

Vurderarane meiner det er viktig at personalet dreg nytte av kvarandre sin kompetanse. Nokon er gode formidlalar i høve samlingsstund, nokon er gode på musikk, forming, osv.



❖ **Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet**

Somme gjev uttrykk for at dei synes det er vanskeleg å rettleia i kvardagen utan å snakka over hovudet på borna. Dei meiner at dette er noko dei må bli betre på.

❖ **Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting i høve barnehagen sitt språkmiljø**

Det er ynskje om å arbeida meir systematisk i høve refleksjon og drøfting av barnehagen sitt språkmiljø, og at det blir brukt meir tid på avdelingsmøta til dette

❖ **Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer**

Dette meiner fleire at dei må bli betre på og oppmuntre kvarandre til å gje konstruktiv tilbakemelding i kvardagen

Kriterium 2: Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna

❖ **Personalet nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar**

❖ **Personalet legg til rette for meningsfulle opplevingar i høve språkstimulering**

❖ **Personalet er bevisst si eiga rolle i høve det å skapa eit godt språkmiljø**

Vurderarane stiller spørsmål ved lesestrekene på grashoppa. Ut i frå ein observasjon var det veldig mykje støy og forstyrringar frå dei andre på avdelinga når ein sat og las bok. Det var vanskeleg for både den vaksne og barnet å konsentrera seg, og det vart ikkje ein så god situasjon som det kunne blitt. Ut i frå samtale med born i uteleiken kom det fram at dei ikkje pleier å lesa når dei er ute eller på tur. Vurderarane føreslår at ein tek bøker meir i bruk både i utetida, på tur og inne på avdelinga.

❖ **Personalet sikrar at barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp**

Det er ikkje alle foreldre som ynskjer hjelp. Dei vil sjå det an og venta og då stoppar det av og til opp. Vurderarane meiner det er viktig at personalet ikkje gjev opp av den grunn, men jobbar systematisk for å hjelpa desse borna. Fleire i personalet har god erfaring med det å bruka teikn til tale og dei føreslår at dette kan brukast med alle barn på alle avdelingar.

❖ **Personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn**

Det er ynskje frå personalet å få inn ein tospråkleg assistent med det same det byrjar eit barn som snakkar eit anna språk. Dette for å gjera kvardagen betre for desse borna. Personalet føler dei har liten felleskunnskap. Det er ikkje sett av tid og dei må bruka fritida si til å finna ut fakta om f.eks kulturen og språket til det aktuelle landet. Dei har lyst til å verta kursa i dette temaet. Det kom fram eit ynskje om at det bør vera ein mal som ein tek i bruk når ein får inn born med eit anna fyrstespråk, som gjeld for heile Voss kommune.

Kriterium 3: Borna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen

Fleire gjev uttrykk for at det blir arbeidd for lite med formidling av bøker og forteljingar. Årsaka til det meiner dei er mangel på tid og bemanning. Når det gjeld dei tospråklege borna så meiner nokon at dei har liten nytte av samlingane. Hadde det vore fleire tilsette kunne desse borna fått vera i ei gruppa for seg sjølve av og til, der innhaldet er tilrettelagt spesielt for dei. Vurderarane fekk inntrykk av at lesing av bøker nesten var fråverande i eine barnehagen. Plassering av sofa og bøker er uheldig, fordi det er mykje tråkk forbi som uroar.

Nokre av personalet er usikre på kor grensa går når det gjeld å fabulera med språket fordi nokon meiner at ein ikkje skal tøysa med ord.

I høve samlingsstunder og andre aktivitetar bør dei gode formidlarane overføra sin kompetanse ved å rettleia andre som ikkje er så trygge på formidling.

Vurderarane meiner at dei gode formidlarane må overføra sin kompetanse med å leia ei barnegruppe.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

Kriterium 4: Føresette er trygge på at borna deira vert sett og respektert og får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt

På foreldremøtet gav føresette uttrykk for at det er veldig travelt på småbarnsavdelinga. Årsaka til dette meiner dei er at småbarnsavdelingane er slått saman til ein avdeling. Dette resulterte i, meinte dei, at tilbakemeldinga og kommunikasjonen mellom barnehagen og heimen ikkje vart så god som tidlegare. Foreldre saknar den daglege informasjonen om sitt barn.

10 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 04.11.10

Namn på vurderarane:
Anne- Line Mæland, Magni Kristiansen og Ingunn Mo,



Vedlegg 1 – Dette sa barna

Kriterium: Borna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen

Når du har opplevd noko som gjer deg glad eller lei deg, eller vil fortelja noko, kva gjer du då?	
Eg har forstått det slik at de les bøker, får høyre forteljingar, syng songar, leikar med rim og regler. Fortel om korleis det er?	
Eg har veldig lyst å høyra eit rimord, eg! No skal me finna ord som rimer på..... !	
Her i barnehagen er det fleire ungar som snakkar eit anna språk, korleis lærar dei seg å snakka norsk?	



Vedlegg 2 – Dette sa foreldra

Set opp punkt som de meiner Lundhaugen barnehagen er flink til	
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	
Kriterium: <i>Føresette er trygge på at barna deira vert sett og respektert og får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at deira innspel og synspunkt vert ivaretekne	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at personalet sikrar barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn	



Vedlegg 3 – Dette sa dei tilsette

Kriterium: <i>Barnehagen er ein lærande organisasjon</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen	
<ul style="list-style-type: none">• Leiinga syter for at alle får brukt kompetansen sin	
<ul style="list-style-type: none">• Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet	
<ul style="list-style-type: none">• Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting i høve barnehagen sitt språkmiljø	
<ul style="list-style-type: none">• Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer	
Kriterium: <i>Personalet skapar eit språkstimulerande miljø for alle borna</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Personalet nyttar språket aktivt i alle kvardagssituasjonar	
<ul style="list-style-type: none">• Personalet legg til rette for meiningsfulle opplevingar i høve språkstimulering	
<ul style="list-style-type: none">• Personalet er bevisst si eiga rolle i høve det å skapa eit godt språkmiljø	
<ul style="list-style-type: none">• Personalet sikrar at barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp	
<ul style="list-style-type: none">• Personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn	
Kriterium: <i>Borna opplever eit språkstimulerande miljø i barnehagen</i>	
<ul style="list-style-type: none">• Borna nyttar språket som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler	
<ul style="list-style-type: none">• Borna får høve til å lytte, samtale og leike med lydar, rim, rytme	
<ul style="list-style-type: none">• Borna opplever spenning og glede når bøker, forteljingar, songar, rim og regler vert formidla	



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa for barnehage

<ul style="list-style-type: none">• Borna får fabulere ved hjelp av song og språk	
Kriterium: Føresette er trygge på at barna deira vert sett og respektert og får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at deira innspel og synspunkt vert ivaretekne	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at det er daglege innslag av lesing, song, rim og regler i barnehagen	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at borna vert møtt med interesse og respekt i høve det dei vil formidla	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at personalet sikrar barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp	
<ul style="list-style-type: none">• Føresette opplever at personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to eller fleirspråkleg bakgrunn	